

- \* BP Amoco installerer solcelleanlegg i Trondheim
- \* Høg aktivitet i SolarNor
- \* Vekst i solvarmemarknaden i Europa

- \* ISREE 2000, 15. - 17. juni
- \* SunDay 2000, 18. juni
- \* BETAL KONTINGENTEN

# Solgløtt

Nyhetsbrev fra  
Norsk solenergiforening  
Årg. 2 Nr. 3 Mai 2000

## Noregs største PV-anlegg blir opna 20. juni

BP Amoco i samarbeid med NTNU, SINTEF og NFR opnar Noregs største solvegg i Trondheim 20. juni. Frå prosjektet sin internett-presentasjon les vi:

"A double facade with photovoltaic (PV) panels is being built on the campus of the Norwegian University of Science and Technology in Trondheim. The double facade is a closed glass box on an existing office building. It consists of an outer glass wall, "the Solar Skin", a cavity, and a roof and a bottom that can be opened for ventilation. The double facade covers four stories and is 16 m high and 28 m wide. The Solar Skin has 263 m<sup>2</sup> of PV-modules and 192 m<sup>2</sup> of clear glass panels. The cavity between the outer glass wall and the existing wall is 0.7 m wide and has platforms on every story for maintenance purposes. Operable apertures in the roof and in the bottom will be temperature controlled.

The BP-Amoco Solar Skin combines two contemporary building issues; the use of double facades in renovation projects, and the use of building integrated photovoltaics. A new double facade on an old building will reduce the heat losses in the winter and give shading and extra ventilation in the summer. The aesthetic quality of the PV-panels may therefore also be very high."

Offisiell opning av anlegget skjer 20. juni med olje- og energiminister Olav Akselsen og representantar for BP Amoco tilstades. Opningsseremonien startar klokka 9.45. I samband med opninga blir det arrangert eit seminar om solcelle-teknologi. M. a. vil energiminister Akselsen halde foredraget "Hvilken fremtid har fornybare energikilder i Norge?"

Arrangementet og seminaret er ope for interesserte. Send påmelding til BP Amoco på telefon +(47) 52013111, faks +(47) 52013013 eller e-post [eurestse@bp.com](mailto:eurestse@bp.com). Sjå også: <http://www.sintef.no/units/civil/ark/ark/Norsk/Prosjekter/BPASolar.html>

## SolarNor i framgang

SolarNor melder om stor aktivitet med mange interessante prosjekt og positiv utvikling for den internasjonale solvarmemarknaden. Den norske bedrifta har mellom anna levert eit større solvarmeanlegg til Ekbacken Sjukhem i Åmål, Sverige. Anlegget vekker særleg interesse på grunn konkurransedyktig pris og god arkitektonisk tilpassing.

Også til Russland er det no sendt tre solvarmeanlegg frå SolarNor. Det er aukande interesse for enøk og fornybar energi i delar av den russiske marknaden.

Den positive utviklinga til SolarNor gjer at bedrifta no har behov for 6 - 8 nye medarbeidarar. Sjå også informasjon på <http://www.solarnor.com/>

## Europa 1999: 1 mill. m<sup>2</sup> solkollektorar installert

I ein rapport utarbeidd av BSRIA (Building Services Research and Information Association, Storbritannia) om solenergimarknaden i Europa ser vi at over 1 million m<sup>2</sup> solfangarar vart installert i 1999. Det er forventet ein årleg auke i marknadsvolumet på ca. 15 %. Den europeiske solvarmemarknaden er difor inne i ein positiv trend. Framleis er det Tyskland, Østerrike og Hellas som er dei viktigaste nasjonale marknadane. Våre naboland, Sverige og Danmark har også ei positiv utvikling i følgje rapporten, sjølvom volumet er betydeleg mindre enn i Tyskland og Hellas. Det vert i midlertid antyda at den danske marknaden kan få eit oppsving dersom forslaget om lovpålagt installasjon av solvarmeanlegg i nye bygg utanfor område med fjernvarme vinn fram.

Fleire detaljar frå rapporten kan du få frå Norsk solenergiforening.

## ISES presents new home page

The International Solar Energy Society launched its redesigned web pages on May 18. The main goals of the web-site are to provide our members with the information they need and to win new members for the Society. The pages were redesigned in a modern way but ISES has taken measures to ensure that they can be viewed with low-resolution screens and can be downloaded through slow internet connections within a reasonable time.

The content has been completely revamped, and a new structure introduced that should speed access to information. The comments, requirements and suggestions of all structures of the Society were incorporated in the redesign as far as possible. The navigation bar at the right of the web-site and the sitemap on the top right of each web page provide the user with clear and easy-to-handle navigation tools.

As before the ISES site is found at <http://www.ises.org/>

## SuperTorsdag på ISREE 2000, 15. juni

Du kan bli med på interessante foredrag på ISREE utan å vere med på heile konferansen. Delta på SuperTorsdag den 15. juni for ein billig penge og høyr presidenten i Worldwatch Institute, Christopher Flavin.

Flavin ein av dei fremste ekspertane på energisituasjonen i framtida. Han vil forklare kvifor solenergi vil bli den sentrale energikjelda i framtida i foredraget "The Sun - The Energy Source for the Future".

David Mills, tidlegare president i den internasjonale solenergiforeninga, grunnjev kvifor utdanning er viktig ved introduksjon av fornybare energikjelder: "Introducing Renewable Energy - The Importance of Education".

*For 600 kroner får du oppdatert kunnskap om trendane som vil forme morgondagens energisamfunn. Meld deg på til SuperTorsdag i Oslo 15. juni. Kontakt Solenergiforeninga eller <http://www.dalen.vgs.no/isree2000/supertorsdag.htm>*

## SunDay 2000 er flytta til UiO

Av praktiske og tekniske årsaker er SunDay 2000 flytta til Universitetet i Oslo i staden for Oslo sentrum. Men SunDay 2000 vil gå av stabelen 18. juni kl. 11<sup>00</sup> - 15<sup>00</sup> som planlagt.

Programmet blir bra. Kristin Halvorsen (SV) vil delta. Sjå vedlagte program eller slå opp på våre heimesider.

## Forskningsdagene 22. sept - 1. okt. 2000

Forskningsdagene er Norges største forskningsfestival. I festivalperioden kan du oppleve hudrevis av GRATIS arrangementer over hele landet. Disse nettsidene er din totale programguide. Her kan du finne en rekke spennede arrangementer ut fra dine egne interesser: <http://www.forskningsdagene.com/>

## Helsides annonse: "Nå må noe gjøres"

Hans Petter Sveen fra Vestby vakte oppsikt ved å bruke deler av sin aksjegevinst til å kjøpte en helsides annonse i Aftenposten til å argumentere for en ny energipolitikk. Sveen ønsker å utfordre myndighetene til å satse mer på ny fornybar energi og solenergi. Konkret foreslår Sveen at politikerne årlig setter av et "sol-fond" på minst 10 milliarder kroner, som kan gå til å sette i gang en storsatsing på solcelleanlegg.

- Det skjer vel ikke noen revolusjon etter annonsen, men dette var mitt bidrag, sier Hans Petter Sveen til Aftenposten. Se <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/d132250.htm>

## Har du betalt medlemskontingenten?

Vi registrerer at eit mange medlemmar enno ikkje har betalt medlemskontingenten for 2000. Det gjeld vel ikkje deg, også?

Hugs at medlemskontingenten utgjør ein betydeleg del av inntektsgrunnlaget for Norsk solenergiforening. Ver difor påpasseleg med å betale fakturaen i rett tid. Det sparar sekretariatet for mykje arbeid og hjelper på den økonomiske situasjonen.

## Returadresse

Norsk solenergiforening,  
c/o Oslo Energi ENØK  
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo  
Tel.: 88 02 44 66  
E-post: [solenergi@solenergi.no](mailto:solenergi@solenergi.no)  
Internett: [www.solenergi.no](http://www.solenergi.no)

